



KOMMUNAL FORSKRIFT OM SKULEBYTEREGLAR **for grunnskulane i Nissedal kommune**

Vedteke 20. juni 2013.

§ 1. Heimel

Med heimel i Opplæringslova § 8-1 *Skolen*, har Nissedal kommunestyre fastsett forskrift om skulebytereclar for grunnskulane i Nissedal kommune.

§ 2. Føremål

Skulebytereclarane er eit verkemiddel for å kunne ivareta avgjerslene som gir elevane rett til å gå på den geografisk næraste skulen (sjå forskrift om skulekrinsar) og til å fråvike dette etter søknad (jf. opplæringslova § 8-1), på ein best mogleg måte og sikre likebehandling.

§ 3. Virkeområde

Forskrifta omfattar Nissedal kommune sine grunnskular, dvs skular som er eigd av eller blir drivne av Nissedal kommune.

§ 4. Vilkår for handsaming av søknader om skulebytte

- 1) Søknad om skulebytte blir sendt til einingsleiar skule som fattar vedtak etter samråding med rektor både ved skulen ein søker seg til og ved skulen ein søker seg i frå.
- 2) Skulebyttesaker som er grunngjeve i eitt eller fleire av desse punkta, blir prioritert innvilga:
 - søsken ved skulen
 - sosiale og/eller medisinske forhold
 - ønske om at barnet skal kome i eit nytt miljø
 - søker meiner at den ønska skulen er betre tilpassa sitt barn sine behov enn den geografiske nærskulen
 - praktiske omsyn; nærleik til føresette sin arbeidsstad, søsken sin barnehage e.l.
- 3) Ved søknad om skulebytte vil kommunen jf skuleskyssreglementet i Nissedal kommune bekoste skuletransport dersom ordinær transport kan bli nytta. Om det ikkje finst ordinær offentleg transport, må føresette syte for transport sjølv.

§ 5. Klageadgang vedr. skulebytte

Vedtak om skulebytte er eit enkeltvedtak. Ved avslag på søknad om skulebytte skal ein opplyse dei føresette om klageadgang og klagefristen på 3 veker, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. Ei eventuell klage skal bli sendt til einingsleiar skule. Dersom ein etter å ha vurdert saka på nytt ikkje finn grunn til å endre vedtaket, skal klaga bli oversendt Fylkesmannen i Telemark.

§ 6. Flytting ut av skulen sitt nærområde

Vilkår for handsaming av søknad om skulebytte gjeld også for søknad om framleis skuleplass ved ein skule etter flytting ut av skulen sitt inntaksområde.

§ 7. Trer i kraft

Denne forskrifta trer i kraft når kommunestyret har fatta vedtak.